



Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 16/266-1

Forvaltningsrevisjon - Fylkesarkivet - oppfølging av vedtak

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjøre slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet tek brev frå fylkesrådmannen med oppfølging av vedtak i FT-sak 3/15 til vitande.
2. Kontrollutvalet ber om statusrapport når styringsgruppa har vedteke vedtekter for kommunearkivordninga, og tilbakemelding etter at nye rutinar er vedtekne om systematiske risikovurderinger.

Vedlegg:

- Brev frå fylkesrådmannen datert 22. desember 2015 – Oppfølging etter forvaltningsrevisjonen – Fylkesarkivet
- Rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon av fylkesarkivet – mars 2015

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Fylkestinget handsama 10. april 2015 rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon av fylkesarkivet i FT-sak 3/15. Fylkestinget vedtok følgjande:

1. Fylkestinget tek rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon av fylkesarkivet til etterretning.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen sørge for at tilrådingane i rapporten vert gjennomførde, og melde tilbake til kontrollutvalet status så raskt som mogeleg, og seinast innan utgangen av 2015.

2. Vurderingar og konsekvensar

Kontrollutvalet mottok 23. desember 2015 brev frå fylkesrådmannen med oppfølging av vedtaket i FT-sak 3/15.

Fylkesrådmannen har i brevet gjort greie for oppfølging som er gjort av tilrådingane i rapporten som var grunnlaget for fylkestingshandsaminga.

Revisor sine tilrådingar i kapittel 6:

1. Det bør utarbeidast mandat/instruks for styringsgruppa for kommunearkivordninga.
2. Fylkesarkivet bør gjennomføra systematiske risikovurderinger, mellom anna som grunnlag for etablering, og/eller justering av planar, organisering, system og rutinar.
3. Det er viktig at fylkeskommunen etablerer rutinar for å sikre at arkivplanen jamnleg blir oppdatert, herunder at område som treng oppdatering blir fortløpende avdekkja og handtert.
4. Fylkesarkivet bør i årsrapporten for kommunearkivordninga tydlegare samanstille planar mot faktisk gjennomførte aktivitetar, og kommentera eventuelle vesentlege avvik.
5. Fylkesarkivet bør vurdera om det er mogleg i større grad å utarbeide meir kvantitative mål i årsplanen for kommunearkivordninga.

Kommunearkivordninga er eit interkommunalt samarbeid etter § 27 i kommunelova.

Tilrådingane 1, 4 og 5 vart lagt fram for styringsgruppa for denne ordninga 27. november 2015. Det vart i møtet føreslege å endre oppsettet til årsplan og årsmelding, slik at årsplanen skal få fokus på målsettingar og årsmeldinga på det som er utført opp mot målsettingane i planen. Det vert med ein slik konstruksjon lettare å vurdere i kva grad målsettingane er nådd. Det vart også føreslege for styringsgruppa å i større grad nytte kvantifiserbare storleikar i årsplanen.

Styringsgruppa bad om at eit utkast til vedtekter vart sendt til KS for gjennomgang. Tilråding nr. 1 vil bli følgjt opp etter tilbakemelding frå KS. Tilråding nr. 4 og 5 vil bli følgjt opp ved innarbeiding i årsplan og årsmelding som skissert over.

Fylkesarkivet arbeider kontinuerleg med forbetringar som kjem inn under tilråding nr. 2. Det vert eksempelvis gjennomført oppfølging som går ut på å kartlegge behov for særskilde prosessar der Fylkesarkivet har behov for eigne rutinar som til dømes handtering av skada arkivmateriale. Arbeid med tilråding nr. 2 er under arbeid.

Tilråding nr. 3 – etablering av rutinar for å sikre at arkivplanen jamnleg vert oppdatert - er ikkje Fylkesarkivet sitt ansvar, men kommunearkivordninga gjev fagleg råd og rettleiing i arbeidet med arkivplanen. Ny arkivplan vert vedteken når denne er ferdigstilt, skriv fylkesrådmannen i brevet.

Kontrollsjefen vurderer oppfølginga av prosjektet til å vere godt i gang. Alle tilrådingane er under arbeid. Tilråding nr. 4 og 5 vurderer kontrollsjefen til å vere ferdig oppfølt, i og med at det som er skissert som nye rutinar skal inn i framtidige årsplanar og årsmeldingar. Kontrollsjefen si vurdering går vidare på at ny status på tilråding nr. 1 bør meldast tilbake til kontrollutvalet når tilbakemeldinga frå KS er på plass, og når styringsgruppa har gjort eit vedtak om desse retningslinjene.

Kontrollsjefen vurderer også tilråding nr. 2 til å vere i god framdrift. Det er i tilrådinga spurt etter gjennomføring av systematiske risikovurderinger. Etter tilbakemeldinga frå fylkesrådmannen vert det gjennomført «kartlegging av behov for særskilde prosessar» som grunnlag for eigne rutinar for Fylkesarkivet. Kontrollutvalet ber om tilbakemelding etter at fylkesarkivaren har vedteke dei nye rutinane.

3. Konklusjon

Kontrollsjefen vurderer oppfølginga av fylkestingsvedtaket til å vere ferdig oppfølt med unntak av tilråding nr. 1, der det vert tilrådd å etterspørje ny status når styringsgruppa har gjort vedtak om vedtekter for kommunearkivordninga, og tilråding nr. 2, der det vert etterspurd tilbakemelding etter at nye rutinar er vedtekne.